



NVE

Att:

Dykkar ref..

Vår ref.
14/825-23/18/9079

Arkivkode:
K2 - K54

Dato:
26.06.2018

VEDR. MULEG AVVIK FRÅ MINSTE REGULERTE VANNSTAND PGA TØRKE

Eg viser til Hjelmeland kommune sine uttalar til Fister smolt sin søknad om endring av konsesjonsvilkår for deira verksemd i tilknytning til Hetlandsvatnet i Hjelmeland, jfr m.a. brev av 17.6.2017, og til klage på utsetjing av saka (brev av 1.2.2018).

I begge desse breva peikar kommunen på at det største trugsmålet mot elvemusling og villfisk er det same som trugsmålet mot smoltanlegget, det vil seia for lite vatn. Så lenge konsesjonssaka ikkje vert løyst, så vert heller ikkje problemet med tilgong på nok vatn sommarstid løyst.

Mai og juni 2018 har vore eit nytt år med ekstrem turke i regionen vår, liknande det som me hadde i 2014. Brannfaren har vore stor, noko som også storbrannen som me hadde over lengre til på Ombo, var eit prov på.

No har meteorologane varsla ny turkeperiode, og me har fått melding frå Fister Smolt at dei begynner å nærma seg ein kritisk situasjon når det gjeld vassforsyning. Me har full forståing for at det er heilt nødvendig å gjera grep for å sikra vassforsyning i ein kritisk fase. Me ber om at dei få høve til å gå under minste regulerte vannstand slik som omsøkt.

Med helsing
Plan og forvaltning

Haldis Karine Nilsen
Plan- og forvaltningssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur